



SAKSLISTE ÅRSMØTE SUNNFJORD AP 2025

21.januar 2024 kl 18:00 – 21:00.

Stad: Førdehuset.

Saksliste:

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2 Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under referatet
- Sak 3 Torbjørn Vereide innleiar årsmøte
- Sak 4 Årsmelding - styret
- Sak 5 Årsmelding – kommunestyregruppa
- Sak 6 Rekneskap 2024
- Sak 7 Arbeidsplan for 2025
- Sak 8 Budsjett 2025
- Sak 9 Forslag resolusjonar
- Sak 10 Val

Sak 4: Årsmelding frå styret i Sunnfjord arbeidarparti for 2024.

Årsmøte for Sunnfjord Arbeidarparti vart halde i Førdehuset 7. februar 2024, kl 18.00, Førdehuset

Hovudtalar var Kjersti Stenseng, ho helsa og innleia årsmøte med å snakke om krigen i verda, Ukraina og Gaza. Framover må vi prioritere helse og sikkerheit. Fjoråret var prega av økonomisk uro, forskjellar mellom folk veks. Verda er no prega av : krig, krise og dyrtid.

Gje folk framtidstru og optimisme. Redusere prisveksten, forbetre pensjon, redusere barnehagepris og pris på SFO, unge ut i arbeid, vanlege inntekter har fått lågare skatt, kvardagsutfordring: for mykje skjermbruk.

Viktig framover: inntektssystemet. For å få meir tillit må ein sjå at politikken verkar.

Viktig i programprosessen: Vi må få med oss dei unge. Invitere dei til politisk arbeid.

LO sine medlemmer – få dei meir med.

Organisasjonen vår må bli sterkare. Må involvere fleire, skolere fleire, og verve nye medlemmer.

Styret for 2024 har vore samansett av:

Leiar Henrik Nordal

Nestleiar Berit Hornnes

Sekretær Stig Degvold-Jonstad

Kasserar Bjørn Hatlelid

Kvinnekontakt Gunn Laila Årnes

styremedlem Laila Oppedal

Styremedlem og medlemsansvarleg Liv Horvei

Styremedlem Arild Horsevik

AUF Oppnemnd av AUF 2024-2025 Marcus Hornnes.

1. Vara Jonny Indrekvam Gustavsen
2. Vara Silje Skaar Sunde
3. Vara Sveinung Søreide
4. Vara Inger Helene Savland

Valnemd 2025:

Bjørn Hundershagen – leiar

Siv-Karin Hestad

Håkon Myrvang

Revisor: Revisor Anne Lise Bekjorden

Revisor: Arne Sandnes Attval

Vara revisor: Randi Aamodt Osland

Vara Revisor: Ellinor Taftø

Aktivitetar i 2024

Det har vore 12 styremøte i Sunnfjord AP i 2024.

Desse møtte på Årsmøte i Vestland AP 16-17 mars :

Henrik Nordal

Berit Hornnes

Ove Farsund

Sara- Marie Horsevik

Stig Degvold-Jonstad

Arild Horsevik

Kari Daltveit

Representantskapsmøte i Vestland AP:

4. mai 2024, Bergen deltok: Henrik Nordal, Geir Leon Hetle og Berit Hornnes.

26. oktober 2024, Bergen deltok: Berit Hornnes og Sara-Marie Horsevik.

30.11.24 Nominasjonsmøte Arbeidarpartiet valkrins Sogn og Fjordane 30. November deltok: Laila Oppedal, Gunn Laila Årnes, Pål Befring, Geir Leon Hetle, Elena Jensen, Torbjørn Vereide, Sølvi Anne Birkeland, Mohnsen Karimi, Sara Marie Horsevik, Abdullah Alshammari, Arve Dvergsdal

Det har i 2024 vore stor aktivitet i Sunnfjord Arbeidarparti sjølv om det ikkje er eit valår. Mange medlemmar har gjort ein stor innsats for å gje eit godt tilbod til våre medlemmar.

I løpet av 2024 har det vore avholdt 3 møter mellom Fagforbundet og delar av styret i Sunnfjord Arbeiderparti.

20.02.24. Medlemsmøte med besøk av Marte Mjøs Persen, Leiar Vestland AP og fraksjonsleiar i Transportkomiteen på Stortinget.

11.09.24 Kraftkonferanse med besøk av Trygve Tamburstuen, Norsk Kjernekraft, BKK nettselskap.

18.09.24 Medlemsmøte i høve nominasjon til stortingsmøte.

06.11.24 Medlemsmøte om Budsjett og den politiske situasjonen, Verkstad om programframlegg + Nominasjonsmøte med val av utsendingar til Sunnfjord Ap sitt nominasjonsmøte på Skei.

27. 11. 24 Ope møte om Framtidsperspektivet – Matsikkerheit – forstår vi alvoret med besøk av Nils Harry Vagstad, tidligare NIBIO direktør

Det har vore gjennomført fylgjande besøk og synfaringar for medlemmar i Sunnfjord Ap.

04.07.24 Besøk av Lubna Jaffery, besøk på Astruptunet, opning av Vidsyn og opning av Førdefestivalen. Stand på Elvetorget med deltaking av Lubna.

20.08.24 Besøk av Jonas Gahr Støre, Opning av Livabygget, Helse Førde.

10.09.24: Besøk av Jan Christian Vestre: Frukostmøte Scandic Sunnfjord hotel med styret i Sunnfjord Ap. Etter det om omvising på Eldrebustadane i Apotekargarden , Helse Førde – Livabygget og HVL

18.09.24 Besøk av Terje Aasland og temamøte for Sunnfjord Ap sine medlemmar og dei andre arbeiderpartilaga i gamle Sogn og fjordane. Det var også synfaring med Terje Aasland på Jølster Kraft og besøk hos Tibber. Same dag var det Nominasjonsmøte i høve til Stortingsvalet 2025, Der deltok også Torbjørn Vereide.

Medlemssituasjonen

Sunnfjord Arbeidarparti har i 2024 hatt ei auke på 12 nye medlemmer. Dette representerer ein auke på 100 % i rekrutteringa, samanlikna med året før (6 nye medlemmer). Dette er svært gledeleg i eit elles så krevjande tid for partiet.

Sunnfjord Ap vil framleis jobbe aktivt for aukande engasjement, og nye medlemmar i 2025.

Førde 12.01.2025

Berit Hornnes

Nestleiar

Sak 5. Årsmelding kommunestyregruppa Sunnfjord Arbeidarparti

Det er gjennomgåande nokre fleire saker handsama i 2024 enn i 2023. Auka var på 6% og soleis ganske lita, men er eit steg tilbake frå ambisjonen om å redusere tal saker i den nye storkommunen.

Arbeidsforma er opne gruppemøte kvar måndag med start kl. 18.00 der alle medlemmar er velkomne. Her blir alle saker som skal opp til politisk handsaming i løpet av veka gjennomgått. Ei slik arbeidsform gir moglegheit for at alle i gruppa kan påverke saker tidleg i prosessen og ein er betre budd når sakene kjem til kommunestyret. Gruppa legg ned mykje arbeid for at sakene skal få ei så god handsaming som mogeleg.

Ein har framleis ein veg å gå for å engasjere ein større del av medlemsmassen og jamnare deltaking av fleire. Det vil kunne berike den partipolitiske debatten.

Gjester blir invitert når ein ynskjer å belyse ei sak. Møte vert gjennomført som fysiske møter, men med moglegheit for å delta via Teams.

Det vart eit skifte av varaordførar og i formannskapet då Henrik Nordal grunna ny jobb valde å søke om fritak. Helge Robert Midtbø vart samrøystes vald som ny varaordførar og inn i formannskapet.

Økonomi- og budsjettarbeid:

Trendane med uro i verda, inflasjon og renteauke haldt fram 2024 og pressa økonomien ytterlegare.

Noko av det som vart jobba med i starten av året som la rammene for mykje av arbeidet vidare var handsaming av tenesteanalyse for Sunnfjord kommune. Dette arbeidet vart satt igang i 2023 for å ha eit utgangspunkt for å styre investering og tildelingar meir effektivt, og strukturkartlegging for å sjå på korleis spare inn på underliggande drift for å gje tenester med betre kvalitet. Vi blir fleire eldre, færre i skulepliktig alder, og fleire nye helseutfordringar undervegs i livet. Difor kan ein ikkje halde fram som før. Tenesteanalysen viste eit potensial for å ta ned drifta med 121 millionar kroner og flytte 84 millionar mellom ulike sektorar. Berre på det viset vil vi kunne sikre gode tenester for alle sektorar i kommunen òg i framtida, inkludert å gjere naudsynte investeringar innan desse. Det skulle vise seg å vere langt vanskelegare enn fyrst antatt då den same utviklinga frå 2023 haldt fram i 2024 med at overforbruk og rentehevingar stadig svekka driftsresultatet og handlingsrommet for nye

prioriteringar. Difor var det viktig for kommunestyregruppa å halde fram skjerming av helse- og omsorgssektoren, trygge oppveksttenestene, og sikre investeringane i omsorgsbustadar og institusjonsplassar.

Saker:

Fyrste krevjande sak som konsekvens av planen for omstilling av tenestene i kommunen kom i april då kommunedirektøren la fram nedlegging av Vevring skule som ledd i den plana. Slike saker er alltid krevjande og etter mykje diskusjon so landa vi ned på å støtte kommunedirektøren sitt framlegg då det vart vurdert som det alternativet som ville gje ungane best oppveksttilbod sjølv om det vil gjere kvardagen til enkelte i bygda meir krevjande.

Gruppa klarte òg å få kommunestyret med på to fråsegn i 2024 om viktige nasjonale saker. Det eine gjekk på jordbruksforhandlingane som Ove Farsund fremja, og det andre var om situasjonen på Gaza fremja av Henrik Nordal.

Som i 2023 vart det nytta mykje tid på arealdelen for ny kommuneplan, og i 2024 fekk Sunnfjord kommune omsider sin eigen arealplan. I tillegg vart det jobba parallelt med ny planstrategi som vart vedteke i mai med eit endringsforslag fremma av oss om at temaplanen for helse- og omsorgssektoren vart forsert med oppstart seinast 2026. Dette var viktig for å sikre at kommunen legg naudsynt prioritet på å sikre ressursgrunnlag og kvalitet i tenestene i den sektoren. Oppstarten vart seinare ytterlegare forsert med eit år gjennom eit fellesframlegg.

Andre saker:

- Fleire klimatiltak for å redusere utslepp og tilpasse seg klimaendringar. Dette inkluderte tiltak for å fremje bruk av fornybar energi og energieffektivisering.
- Busette 120 flyktningar i 2024, og ytterlegare 60 ila året. Dette kravde tilpassing av kommuneorganisasjonen for å gi gode tenester til flyktningane, og er ei utfordring å få til sia stønadane frå staten ikkje er like gode. Men dette er viktig av humanitære årsaker og strategisk sia vi treng fleire i arbeidsfør alder for å stette tenester og betale skatt i framtida.
- Norm for gruppestorleik i barnehage
- Bygging av ny brannstasjon
- Val av tomt til nytt omsorgssenter i Førde
- Tiltaksplan for veteranar i Sunnfjord kommune
- Nei til fusjon mellom Eviny og SFE

for å nemne nokre.

Kommunestyret har bestått av følgjande representantar frå Sunnfjord Ap:

Henrik Nordal, Kari Valle, Håkon Myrvang, Sara-Marie Horsevik, Ove Farsund,
Helge Robert Midtbø, Arild Horsevik, Laila Oppedal. Vara er Annlaug Birkeland,
Geir Leon Hetle, Pål Befring, Marcus Hornnes, Laila Tefre, Gunn Årnes, Terje
Lyngstad, Trude Hafstad Hetle, Elin Løset Vie, Berit Hornnes, Andreas Stokka jr.

Formannskapet: Henrik Nordal, Kari Valle og Håkon Myrvang. Helge Robert Midtbø tok over
for Nordal frå 21. nov.

Administrasjonsutvalet: Henrik Nordal, Helge Robert Midtbø tok over frå 21. nov

Klagenemnda: Geir Leon Hetle

Utval for helse og omsorg: Arild Horsevik, Laila Oppedal.

Utval for oppvekst og kultur: Helge Robert Midtbø, Sara-Marie Horsevik. Liv Horvei tok over
for Midtbø frå 21. nov.

Utval for næring og miljø: Ove Farsund, Annlaug Birkeland

Valstyret: Helge Robert Midtbø, Håkon Myrvang

Det er totalt behandla 651 saker i 2024:

Kommunestyret: 132 saker

Formannskapet: 244 saker

Kontrollutval: Ukjent

Utval for helse og omsorg: 73 saker

Utval for oppvekst og kultur: 76 saker

Utval for næring og miljø: 103 saker

Administrasjonsutvalet: 7 saker

Klageutvalet: 13 saker

Valstyret: 3 saker

Førde 12.01.2025

Henrik Nordal

Leiar og tidl gruppeleiar

Sak 6: Regneskap:

Presenterast på årsmøtet

Sak 7:

Arbeidsplan for 2025

Sunnfjord Arbeidarparti har som mål å vere eit inkluderande og aktivt parti som engasjerer medlemmene og bidreg til utviklinga av lokalsamfunnet. I 2025 skal vi byggje vidare på godt etablert praksis, samstundes som vi set alle krefter inn på å vinne valet.

Hovudmål for 2025:

- Vidareutvikle partiet som ein open og inkluderande arena for politisk diskusjon og deltaking.
- Sikre tett samarbeid kommunestyregruppa.
- Styrkje det fagpolitiske arbeidet og AUF lokalt.
- Gjere ein effektiv og målretta innsats fram mot stortingsvalet.

Tiltak i 2025:

Organisatorisk arbeid:

- Halde regelmessige styremøte med fokus på planlegging og oppfølging av aktivitetar.
- Sørgje for representasjon på årsmøtet og representantskapsmøta i Vestland Arbeidarparti.
- Leggje til rette for brei medlemsdeltaking gjennom digitale og tradisjonelle plattformer.

Medlemsaktivitet:

- Halde medlemsmøte om store og viktige saker i kommunen
- Arrangere medlemsmøte med utdeling av heidersteikn for medlemmer
- Invitere til politiske diskusjonsmøte og sosiale samlingar for å styrkje samhaldet i partiet.

Samarbeid og nettverksbygging:

- Vidareutvikle samarbeidet med fagrørsla lokalt og regionalt, med fokus på felles politiske initiativ.
- Gjennomføre fleire arbeidsplassbesøk for å skape dialog med lokalt og regionalt næringsliv.
- Vere ein aktiv del av Vestland Arbeidarparti sitt politiske arbeid og bidra i relevante fora.

Valkamp:

- Gjennomføre konkrete valkampaktivitetar i tråd med sentrale føringar, med fokus på direkte kontakt med veljarar.
- Starte tidleg med å planleggje og mobilisere for ein effektiv valkamp, med ei særleg innsats under vårkampanjen i mai.
- Leggje til rette for opne og inkluderande arrangement som samlar både medlemmar og veljarar.

Forslag til vedtak: **Årsmøtet vedtek arbeidsplanen for 2025 slik den ligg føre.**

Sak 8: Budsjett:

Presenterast på årsmøtet

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtek budsjettet for 2025 slik det ligg føre.

Sak 9 Forslag resolusjonar:

1. Fråsegn: Reguleringsplanar som verktøy for samfunnsplanlegging

Fråsegn:

Ein reguleringsplan sikrar føreseielegheit og berekraftig utvikling i lokalsamfunnet. Det er viktig for å bygge tillit mellom innbyggjarane og myndighetene at planar blir følgt slik dei er utforma.

Grunngjeving:

Reguleringsplaner er viktig verktøy for samfunnsplanlegging. Å følgje reguleringsplanen er avgjerande for å sikre at samfunnsutviklinga skjer på ein berekraftig og føreseieleg måte, med omsyn til både miljø, samfunn og eksisterande infrastruktur. Dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan kan berre vurderast dersom det ligg føre stor samfunnsnytte som klart veg tyngre enn ulempene ved avviket. Ei slik vurdering må vere grundig og basert på langsiktige interesser for fellesskapet. Kreativ tolking eller forståing av reguleringsplanen skal ikkje forekomme, då dette kan undergrave planens føremål og skape utryggleik for både innbyggjarar og aktørar. Planen skal forståast og praktiserast i tråd med sitt klare og definerte innhald.

Forslagsstiller: Jorunn Eide Kirketeig

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast ikkje

Sendast til:

2. Fråsegn: Hafstadparken som ope friområde

Fråsegn:

Hafstadparken er ein folkepark for alle

Grunngjeving:

Eit ope og inkluderande rekrasjonsområde som skal være tilgjengleg for alle utan bygningsmasse som skaper visuell støy eller strir mot parkens intensjon. Slike opne områder i sentrum er uvurderleg for trivsel, helse og samhald. Vi må sikre at parken forblir eit universelt utforma friluftsområde som inviterer til rekreasjon , kvile og aktivitet, fritt for element som kan forstyrre opplevinga av det grønne og opne rommet. Hafstadparken skal være ei perle for felleskapet - no og i framtida..

Forslagsstiller: Jorunn Eide Kirketeig

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: dissens

Sendast til:

Styret i Sunnfjord Ap

Kommunestyregruppa Sunnfjord Ap

3. Fråsegn: Nei til nedlegging av skular

Fråsegn:

Nei til nedlegging og samanslåing av skular.

Grunngjeving:

Innleiing:

Skulen er hjartet i lokalsamfunnet. Han er ikkje berre ein stad for læring, men også ein viktig møteplass som byggjer identitet og fellesskap. Difor må vi seie tydeleg nei til å gjere skulen til ein økonomisk salderingspost.

Argument:

1. Desentraliserte skular sikrar livskraft i grendene. Når ein skule blir lagt ned, svekkjast attraktiviteten til området for barnefamiljar.
2. Sentralisering fører til lengre reiseavstandar og gjer kvardagen meir krevjande for born.
3. Å leggje ned skular utan å ta høgde for generasjonsskifte er kortsiktig og defensivt.
4. Skulen er meir enn kroner og øre – tryggleik, læringsmiljø og lokal identitet er viktige verdiar.

Vedtak:

Desentraliserte skular skal vernast om og ikkje bli nedlagde av økonomiske årsaker. Kommunen må investere i nærskular som ein del av framtida for lokalsamfunnet.

Forslagsstiller: Jorunn Eide Kirketeig

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast ikkje

Sendast til:

4. Fråsegn: Tryggleik ved gynekologiske undersøkingar

Fråsegn:

Det må vere ei kvinnelig sjukepleiar til stades ved gynekologiske undersøkingar.

Grunngjeving:

Med bakgrunn i den saken som går i retten om overgrep fra en komunnlege i Trøndelag så håper eg at Helsedirektoratet nå tar opp denne saken og utarbeider en forskrift som sier at ved gynekologiske undersøkelser på legekantor i dette landet SKAL det i tillegg til lege være en kvinnelig sjukepleier til stede sammen med legen. Våre kvinner / jenter skal være trygge i slike situasjoner.

Forslagsstiller: Knut A. Johansen

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast delvis

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget v/ Truls Vasvik

truls.vasvik@stortinget.no

5. Fråsegn: Bygg små leilegheiter i distrikta

Fråsegn:

Regjeringa må sette i gang tiltak for bygging av små universelt utforma leilegheiter i nærsenter og i bygdesenter i distrikta.

Grunngjeving:

Det er mangel på bustader og for låg bustadbygging i forhold til behovet. Sjøføkonom Nerja Macic i Prognosesenteret uttaler at vi er langt unna det vi har rekna for å vere det demografiske bustadbehovet i landet (Firda 02.01.25)

I distrikta er småbruk nedlagde, der sit gjerne eldre personar att på bruket, ofte er det enkjer, åleine i hus med krevjande vedlikehald og tilkomst. Å kunne flytte til næraste senter kunne vere ei god løysing for dei, å flytte inn i ein mindre og meir lettstelt bustad. Dei kan framleis bu i eigen heim der, og ha kontakt med deira eige sosiale nettverk. Dei kan vere aktive i nærmiljøet, handle på nærbutikken og klare seg lettare utan hjelp, eller med lite hjelp.

Samtidig veit vi at det er etterspurnad etter småbruk. I pressemelding frå Finn Eigedom 01.07.24, kjem det fram at småbruk er mest brukte søkeord, og at det har vore 40 % auke i mai -24 frå mai -23. Med fleire småbruk/ hus kan fleire få høve til å busette seg i distrikta. Leilegheiter i sentra vil i tillegg vere eit tilbod til unge som etablerer seg med eigen heim for

første gong, og ynskjer å «prøvebu» i distriktet. Alt dette vil og kunne styrke kommunal infrastruktur og tenestetilbod.

Forslagsstiller: Laila Oppedal

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttes

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

6. Fråsegn: Innfør nasjonal minstelønn

Fråsegn:

Sett ein nasjonal minstelønn for alle yrkesgrupper for å hindre sosial dumping.

Grunngjeving:

Mange arbeidstakarar i yrker utan tariffavtale eller fagforeningstilknytning står i fare for å bli utsett for sosial dumping. Ved å innføre ein felles minstelønn vil vi kunne sikre alle arbeidstakarar eit grunnleggjande lønnsnivå, gjere det enklare for næringslivet å følge rettferdige lønnsstandardar, og minske risikoen for feiltrinn. Dette tiltaket vil også bidra til å oppretthalde arbeidslinja ved å sikre at arbeid alltid lønnar seg over sosiale ytelser. Lønnsfastsetjinga bør halde fram som i dag, med minstelønna justert i tråd med utfallet av tariffavtalane, for å spegle arbeidsmarknaden sin utvikling.

Forslagsstiller: Andreas Stokka jr.

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast ikkje

Sendast til:

7. Fråsegn: Høgare pensjonsavsetning i OTP-lova

Fråsegn:

Hev minstekravet til pensjonsavsetning i OTP-lova frå 2% til 3% for å betre pensjonsutbetalingane til arbeidstakarar i lavtlønnsyrker. Fjern høvet til tilleggsinnskudd i pensjonssparing for inntekt mellom 7,1-12G i samsvar med tjenestepensjonslova § 4-7.

Grunngjeving:

Arbeidsgjevarar er pålagde å setje av minst 2% av løna til pensjonskonto ifølgje OTP-lova. Høgare lønna stillingar, ofte med tariffavtale, nyttar seg av høgare OTP-satsar (ofte mellom 4-

6%). Dette skaper eit skilje i pensjonssparing mellom høg- og låglønnsyrker. Å heve minstesatsen vil minske dette gapet, sikre meir rettferdig pensjonsfordeling og større økonomisk tryggleik i alderdommen for lavtlønna arbeidstakarar.

Vidare tillèt tjenestepensjonslova § 4-7 tilleggsinnskudd i pensjonssparing for inntekt mellom 7,1-12G, noko som favoriserer høgare inntektsgrupper. Dette tilleggsinnskuddet bør fjernast for å fremje sosial likheit i pensjonssparing og fordele velferdsgodene meir rettferdig.

Forslagsstiller: Andreas Stokka

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Finanskomiteen på Stortinget v/ Tuva Moflag

tuva.moflag@stortinget.no

8. Fråsegn: Standardiser uføretrygda for alle

Fråsegn:

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at uføretrygda bør vere lik for alle, uavhengig av tidspunkt for tilkjenning. Partiet oppmodar til vurdering av særiltak for unge uføre for å unngå økonomiske insentiv som kan føre til tidleg uførleik. Arbeidslinja er ein sentral verdi for partiet, då det er bra både for samfunnet og den enkelte at folk er i jobb.

Grunngjeving:

Uføretrygden skal sikre økonomisk tryggleik for alle som har rett til den, utan å ta omsyn til når ein vert tilkjent. For unge under 26 år ved tilkjenning av uføretrygd, finst det høgare minstesatsar samanlikna med ordinær uføretrygd. Dette kan uheldigvis skapa eit økonomisk insentiv for unge til å søkje uføretrygd tidleg, i staden for å prøve seg i arbeidslivet. Den kraftige auken i talet uføretrygdsinntakarar, særleg under 30 år, er ein bekymringsfull utvikling. Sunnfjord Arbeidarparti ønskjer å sikre at dei som har reell behov for uføretrygd får denne, men utan å leggje til rette for økonomiske motivasjonar til tidleg uførleik. Arbeidslinja er viktig både for individet og samfunnet, og derfor vil partiet fremje tiltak som fremjar deltaking i arbeidslivet. Ved å standardisere uføretrygda og vurdere alternative tiltak for unge, kan vi redusere talet unge uføre og styrke arbeidsdeltakinga.

Forslagsstiller: Andreas Stokka

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast ikkje

Sendast til:

9. Fråsegn: Gjer det enklare å skilje ut kårhus

Fråsegn:

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må vere enklare å skilje kårhus ut frå garden. Dette vil bidra til å tilgjengeleggjere fleire bustader og stimulere til levande bygder. Partiet oppmodar til å forenkle regelverk og prosedyrar for separasjon av kårhus og gard.

Grunngjeving:

Behovet for kårhus på gardar er mykje mindre no enn for nokre tiår sidan. Dette fører til at mange kårhus står tomme og til forfall, og dei som vert utleid får ofte minimalt med vedlikehald fordi verken utleiar eller leigetakar er interesserte i å ta nødvendige investeringar. Sunnfjord Arbeidarparti trur at færre kårhus vil stå til forfall dersom ein enklare kan skilje dei frå gardane, både i aktive og nedlagde gardar. Når kårhuset vert ein sjølvstendig bustad, er eigarane meir villige til å vedlikehalte og investere i eigedomen. Ved å gjere det enklare å skilje ut kårhus frå garden, kan fleire boligar vert tilgjengelege for både lokale innbyggjarar og tilflytjarar. Dette vil ikkje berre auke bustadtilbodet, men også bidra til å skapa meir levande og attraktive bygder.

Forslagsstiller: Andreas Stokka

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

10. Fråsegn: Styrk digital samhandling (DSOP)**Fråsegn:**

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må satsast meir på Digital Samhandling Offentlig Privat (DSOP) for å realisere fleire forenklingar, spare ressursar for samfunnet og nå målet i digitaliseringsstrategien om å gjere Noreg til ein digital leiarnasjon. Vi oppmodar om at DSOP-programmet vert tilført auka ressursar for å styrkje sitt arbeid med digitalisering av viktige samfunnsprosessar.

Grunngjeving:

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må satsast meir på Digital Samhandling Offentlig Privat (DSOP) for å realisere fleire forenklingar, spare ressursar for samfunnet og nå målet i digitaliseringsstrategien om å gjere Noreg til ein digital leiarnasjon. Vi oppmodar om at

DSOP-programmet vert tilført auka ressursar for å styrkje sitt arbeid med digitalisering av viktige samfunnsprosessar.

Forslagsstiller: Andreas Stokka

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

11. Fråsegn: Auka aksjeandel i investeringar

Fråsegn:

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at kommunen bør auke aksjeandelen i sine investeringar for å oppnå betre langsiktig avkastning. Partiet føreslår å flytte meir av midlane til globale indeksfond for å redusere kostnader, spre risiko og sikre høgare avkastning over tid.

Grunngjeving:

Sunnfjord kommune har i dag investert omlag 200 millionar kroner, med ein fordeling på 65 % i rentefond og 35 % i aksjefond, som gir ei forventet årleg avkastning på 5,3 %. Økonomiske analysar viser at høgare aksjeandel i langsiktige investeringar historisk har gitt betre avkastning. Ved å prioritere globale indeksfond kan kommunen redusere forvaltningskostnader, spre risiko breitt, og sikre høgare avkastning over tid, sjølv med noko større svingingar frå år til år. Dette vil styrkje kommuneøkonomien på lang sikt.

Forslagsstiller: Andreas Stokka

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: *Støttast ikkje*

Sendast til:

12. Fråsegn: Forenkling av reglar for små føretak

Fråsegn:

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må setjast ned eit utval for å samanstillе prinsippa i rekneskaps-, bokførings-, skatte- og meirverdiavgiftslova, med særleg fokus på forenklingar for små føretak. Dette vil bidra til enklare rekneskap og auka forståing, særleg for små føretak som følgjer NRS 8 God rekneskapsskikk for små føretak.

Grunngjeving:

Dagens regelverk krev at regnskapspliktige føretak forhold seg til minst tre-fire ulike lover: rekneskapslova, bokføringslova, skattelova og meirverdiavgiftslova. Prinsippa i desse lovene harmoniserer ikkje alltid, noko som skapar utfordringar, spesielt for små føretak som ikkje har same administrative kapasitet og kompetanse som større verksemdar. Særleg utfordrande er forskjellane i prinsipp for tidspunkt for inntekts- og kostnadsføring.

Ein gjennomgang av lovverket vil kunne redusere desse forskjellane, til dømes ved å innføre meir samordna prinsipp og terminologi. Dette vart understreka i professor Hans Robert Schwencke si rapport «Muligheter for forenklinger – en forstudie», som vart overlevert til Finansdepartementet 15. mai 2019. Rapporten viste store moglegheiter for forenklingar, særleg for små føretak, og føreslo fleire konkrete tiltak for å redusere «midlertidige forskjellar» i skattemeldinga som oppstår på grunn av ulike prinsipp i skattelova og rekneskapslova.

Ei slik samordning vil ikkje berre gjere rekneskap enklare og meir forståeleg, men også spare næringslivet for betydelege ressursar. Sunnfjord Arbeidarparti meiner dette er eit viktig steg for å styrkje småbedrifter, redusere unødvendig byråkrati og bidra til eit meir effektivt og tilgjengeleg regelverk.

Forslagsstiller: Andreas Stokka

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: *Støttast*

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

13. Fråsegn: Forenkla rekneskapsstandard for mikroføretak**Fråsegn:**

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må innførast ein eigen forenkla rekneskapsstandard (NRS) for mikroføretak, og at mikroføretak bør få moglegheit til å føre rekneskap etter prinsippa for «avgrensa rekneskapsplikt». Dette vil bidra til betydelege forenklingar og redusert byråkrati for små verksemdar, samstundes som det vil auke forståinga for rekneskap og skatt.

Grunngjeving:

I 2024 blei rekneskapslova oppdatert med ein definisjon «mikroføretak» (§ 1-5 (1)) som i praksis inkluderer de fleste regnskapspliktige føretak med mindre enn 10 millionar kroner i

salsinntekter. Sjølv om denne definisjonen kom på plass vert det ikkje innført forenklingstiltak for denne gruppa denne gruppa. Mikroføretak har behov for eit regelverk som speglar deira storleik og ressursar. Dagens NRS 8 for små føretak, som gjeld føretak med under 168 millionar kroner i salsinntekter, har vist seg effektivt for denne gruppa, og ein tilsvarande standard for mikroføretak vil kunne forenkle regelverket ytterlegare.

Ved å tillate mikroføretak å føre rekneskap etter prinsippa for «avgrensa rekneskapsplikt», jf. rekneskapslova § 3-2b, kan dei minste føretaka nytte eit enklare og meir oversiktleg system som i større grad følgjer skattemessige reglar. Dette reduserer behovet for skjønn og eliminerer problematiske skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier.

Sunnfjord Arbeidarparti oppmodar regjeringa til å prioritere forenklingar for mikroføretak som eit viktig tiltak for å styrkje norsk næringsliv.

Forslagsstiller: Andreas Stokka

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

14. Fråsegn: Styrk beredskap innan primærnæring og infrastruktur

Fråsegn:

No er det alvor. Arbeiderpartiet må i regjering styrke arbeidet med beredskap i stor breidde. Det gjeld m.a. struktur i primærnæringane, energi og digital infrastruktur. Å aktivt arbeide for desentralisert busetting er viktig føresetnad for dette.

Grunngjeving:

Vi er som kjent inne i ei uroleg tid, krig og kriser kjem nærare oss, samtidig har vi bygt opp ein samfunnsstruktur som har gjort oss endå meir avhengig av at handel, kommunikasjon og samhandling fungerer godt internt i landet, mellom land og verdsdeler.

Totalberedskapskommisjonen (NOU 2023:17) slår m. a. fast at «bosetting over heile landet» er ein styrke, og at «endringer i bosettingsmønster, befolkningsutvikling og alderssammensetting påvirker oppgaveløsningen til nødetatene og redningstjenesten»

I det siste har vi sett sentralisering i kommunar og fylkeskommunar, sentralisering av arbeidsplassar og tenestetilbod, struktur i primærnæringane går i retning av større einingar. Dette svekkar desentralisert busetting og dermed beredskapen vår.

Sekretær i LO, Are Tomasgard m. fl, seier dette: «En viktig del av den politiske oppfølgingen

blir å legge til rette for mer produksjon av mat i Norge, mer bearbeiding av råvarer i Norge og at en større andel av innsatsfaktorene i matproduksjonen er norske.» (Nationen 23.06.24)

Forslagsstiller: Laila Oppedal

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

15. Fråsegn: Nei til landbasert vindkraft

Fråsegn:

Ønsker at SA vedtar prinsipiell motstand mot landbasert vindkraft i kommunen, og dermed motsetter seg enhver form for møter rundt plan-initiativ og senere konsekvensutredning..

Grunngjeving:

Landbasert vindkraft er natur-skadelig i et irreversibelt format, og bidrar til nedbygging som også skader artsmangfoldet og folks generelle opplevelse av urørt natur.

Forslagsstiller: Trond Bendiksen

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: dissens

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

Energi- og miljøkomiteen på Stortinget v/ Ingvild Kjerkol

ingvild.kjerkol@stortinget.no

16. Fråsegn: Nasjonal kontroll over krafta

Fråsegn:

Norge skal ha nasjonal kontroll over krafta.

Grunngjeving:

1. Norge må etablere et prisregime for straum produsert i Norge.
2. Norske straumprisar vert frikopla frå det europeiske børsmarkedet.
3. Norge skal ha full kontroll over kraftflyten i utenlandsforbindelsane. Avtalene med Tyskland og England skal reforhandlast.

Arbeiderpartiet må vise veljarane at vi vil regulere straummarkedet. Straumprisen i Noreg skal baserast på produksjonskostnadane i norske vasskraftverk, med tillegg for transport, kapitalkostnader, nyinvesteringar og oppgraderingar.

For å ta tilbake den historiske konkurransefordelen for næringsliv og industri, må Noreg kunne styre straumprisen innanlands. Lokalsamfunn som Høyanger og aluminiumsverket er bygde på lågare straumprisar.

Ein kostnadsbasert pris sikrar stabilitet for produsentar, netteigarar og forbrukarar. Dette var ein føresetnad for Energilova: straum skal vere samfunnskritisk infrastruktur utan urimeleg fortjeneste.

Trass kraftoverskot på 17TWh i 2021, 13TWh i 2022, 18TWh i 2023 og 16,4TWh i 2024, har ikkje prisane normalisert seg. NO2-regionen, med høgast straumprisar, har samtidig størst produksjon og overskot. Dette understrekar behovet for regulering for å unngå urettferdige prisforskjellar i Noreg.

Forslagsstiller: Ove Farsund

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

Energi- og miljøkomiteen på Stortinget v/ Ingvild Kjerkol

ingvild.kjerkol@stortinget.no

17. Fråsegn: Utred små modulære reaktorar (SMR)

Fråsegn:

Regjeringa må sette i verk utredning, for å bygge og ta i bruk SMR-kraftverk

Grunngjeving:

Norge har saman med resten av Europa, starta den grønne omstillinga, som går på utfasing av fossilt brensel til bruk av grøn energi. Til dette treng vi stabil og sikker kraftproduksjon. Den sikraste måten å få dette til på, er å bygge SMR-kraftverk der kraftbehovet der det er stort kraftbehov. På denne måten vil ein sleppe å bygge ned norsk natur med bygging av fleire vindturbinparker. Vi slepp då også bygging av fleire kraftlinjer i vår flotte norske natur, som igjen vil spare næringsliv og innbyggjarar med dyrare nettleige. Vi må også huske på at Norge har forplikta seg gjennom internasjonale avtaler, til å verne 35 % av vår dyrbare natur. Vi har også fått ansvar i Europa, til spesielt å ta vare på enkelte raudlista fugleartar.

Sjølv om vi i mange tiår har forska på kjernekraft bl.a. i Halden og på Kjeller, treng vi meir utdanning som gjeld denne type teknologi. Regjeringa må derfor satse på forskning som omhandlar kjernekraft. Sidan vi her i landet har svært store førekomstar av Thorium som kan brukast til energiproduksjon, bør derfor dette bli eit satsingsområde for framtida.

Forslagsstiller: Arild John Horsevik

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Hovudutval for næring i Vestland fylke v/ Siri Sandvik

Siri.Sandvik@vlfk.no

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

Energi- og miljøkomiteen på Stortinget v/ Ingvild Kjerkol

ingvild.kjerkol@stortinget.no

18. Fråsegn: Auka stønad til busette flyktningar

Fråsegn:

Introduksjonsstønaden til busette flyktningar må auke og integreringstilskotet frå staten til kommunane auke tilsvarande. Det skal ikkje vere naudsynt for flyktningar i introduksjonsprogrammet å søke om økonomisk sosialhjelp for å klare utgifter til livsopphald. Kommunane skal ikkje måtte bruke store ressursar i handsaming av søknadar og ha store utgifter til sosialhjelp.

Grunngjeving:

Introduksjonsprogrammet er eit lovpålagt tilbod for busette flyktningar mellom 18 og 55 år. Programmet gir rett til introduksjonsstønad, som utgjer 2G årleg (237 240 kroner før skatt). Deltakarar under 25 år mottek 2/3 av 2G. Stønaden er skattepliktig og skal dekke nøkterne utgifter til livsopphald, inkludert bustad, straum og barnetilsyn.

Levekostnadene har auka dei siste åra, og fleire deltakarar må søke om økonomisk sosialhjelp. Dette belastar kommunane både økonomisk og ressursmessig. Integreringstilskotet skal dekke kommunane sine utgifter, men fleire kommunar får berre dekka ca. 92 % av kostnadane.

Ei auke i introduksjonsstønaden vil hjelpe flyktningar til å klare seg sjølve, redusere behovet for sosialhjelp og frigjere ressursar til betre oppfølging i kommunane.

Forslagsstiller: Sara-Marie Horsevik

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget v/Lene Vågslid

lene.vagslid@stortinget.no

Finanskomiteen på Stortinget v/ Tuva Moflag

tuva.moflag@stortinget.no

19. Fråsegn: Tollfritak og avgifter på netthandel

Fråsegn:

Tollfritak må fjernast og avgifter må innførast mot Temu, Shein, Wish med fleire. Vi må bremse importen frå desse og gjere det vanskelegare og dyrare for aktørar som Temu å selje farlege og råbillege varer til norske forbrukarar. Vi bør sjå til andre land som har tatt grep for å stanse import frå aktørar som Temu; mellom anna Frankrike, Sør-Afrika og USA.

Grunngjeving:

I dag har Temu både tollfritak og straffefritak for produkta sine. Temu er blant selskapa som tollfritt kan sende varer til norske forbrukarar så lenge verdien er under 3000 kr. Det gir ein urettferdig fordel til Temu som norske butikkar ikkje har.

Temu marknadsfører og sel produkt med kort levetid som raskt endar opp som avfall. Gong på gong er det påvist at Temu sel varer med ulovleg høge verdier av miljøgifter som er farleg for både menneske og natur. Kvar dag fraktar omlag 100 fly varer for Temu og Shein frå Kina til Europa og USA. I tillegg blir det frakta varer på lasteskip. Summen gir enorme klimagassutslepp; frå transport og frå produksjon. Temu driv hemmelegald om arbeidsforhold.

Temu driv aggressive marknadsføring for å selje mest mogleg. Forbrukermyndigheter i EU klagar Temu for å marknadsføre varer med falske rabattar, salspress gjennom spelfunksjoner i appen og falske opplysningar om avgrensa forsyningar og kjøpsfristar. Dei blir også anklaga for manglande og villeiande informasjon om produkta og falske kundeanmeldelsar. EU undersøker no om Temu bryt regelverket for netthandel: Digital Service Act regulerer misvisande netttinnhald og villeiande reklame. Noreg er forseinka med innføringa av denne forordninga for digitale tenester.

Vi må finne løysingar for å redusere bruk -og kast-kulturen, fremje gjenbruk og styrke lokale arbeidsplassar.

Forslagsstiller: Sara-Marie Horsevik og Andreas Stokka jr.

Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeiderparti: Støttast

Sendast til:

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti

Stortingsgruppa v/ Torbjørn Vereide

Næringskomiteen på Stortinget v/ Rune Støstad

rune.stostad@stortinget.no

Energi- og miljøkomiteen på Stortinget v/ Ingvild Kjerkol

ingvild.kjerkol@stortinget.no

Finanskomiteen på Stortinget v/ Tuva Moflag

tuva.moflag@stortinget.no

Sak 10: Val

Presenterast på årsmøtet